



KVITeseid KOMMUNE SAMFUNNSUTVIKLING OG TEKNISK
DRIFT

Sakshandsamar::

Pernille Bechmann

3850 Kviteseid

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Kviteseid kommunes avløpsanlegg omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14

Kontrollnummer: 2021.032.I.SFVT

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Tarjei Gjelstad (fagleiar)

Frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:

Pernille Bechmann

Andre deltakarar frå verksemda:

Øystein Tveit (rådmann)

Olav Kjetil Greivstad (kommunalsjef)

Vidar Hansen (driftsoperatør)

*Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i
Vestfold og Telemark:*

Lene Ottersen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Kviteseid kommunes avløpsanlegg omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14 den 24.09.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark avdekkja 3 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

1. Miljøriskovurderinga har manglar, og vert ikkje brukt til å planlegge tiltak.
2. Kommunen har mangelfulle prosedyrar og rutine for avviksbehandling er ikkje oppdatert.
3. Kommunen har ikkje gjennomført systematisk gjennomgang av internkontrollen.

Merknader:

1. Kommunens varsel om 100 % overskriding av reinsekrav er ikkje sendt Statsforvaltaren.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

29. oktober 2021	Pernille Bechmann	Siv Hege Wang Grøvo
dato	kontrollør	fagsjef
	Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: KVITSEID KOMMUNE SAMFUNNSUTVIKLING OG TEKNISK DRIFT	
Organisasjonsnr.: 974641046	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentleg administrasjon i tilknytning næringsverksemd og arbeidsmarknad	

Kontrollert eining

Namn: Vrådal reinseanlegg	Anleggsnr.: 3821.0008.01
Kommune: Kviteseid	Fylke: Vestfold og Telemark
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 22. oktober 2008	Sist endra: 29. oktober 2008

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for kommunale avløpsanlegg omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Prosess og reinseutstyr
- Gjeldande utsleppsløyve

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Kviteseid kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Kviteseid kommune innan 14. januar 2022 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvtpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/Pernille Bechmann.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 27. august 2021. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Kviteseid kommune betale eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (jf. offentleglova) og på www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Miljørisikovurderinga har manglar og vert ikkje brukt til å planlegge tiltak.

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 andre ledd punkt 6.

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 stiller krav til at verksemda skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og dessutan utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforhalda. Dette skal dokumenterast skriftleg.

Miljørisikovurderinga omfattar mange hendingar, men er likevel generell. Hendingar ved transportsystemet er ikkje delt opp i ulike område. Sannsyn og konsekvens blir likt overalt og

miljørisikovurderinga er ikkje egna som grunnlag for å prioritere kor på transportsystemet tiltak skal gjennomførast. Det er ikkje gjort vurderingar av kor sårbar resipienten er ved vurdering av konsekvens.

Flukt av biomedie som resulterer i plastforsøpling i resipienten er gitt konsekvens 1. Det samsvarer ikkje med kriteria for denne konsekvenskategorien.

Klimaeffektar og økt nedbør er ikkje tatt inn i miljørisikovurderinga, sjølv om det ble gitt merknad om dette ved tilsyn i 2014.

Miljørisikovurderinga er ikkje følgt opp med forpliktande tiltaksplanar eller saneringsplanar. Det framkom i intervju at kommunen arbeider etter ein saneringsplan for Vrådal, men denne er ikkje førevist Statsforvaltaren. Det framkom òg av intervju at tiltak på avløpsnettet blir gjennomført etter kvart som behovet dukkar opp framfor etter etablerte planar. Kommunen har heller ikkje ein gjeldande hovudplan for avløp.

Avvik 2

Kommunen har mangelfulle prosedyrar og rutine for avviksbehandling er ikkje oppdatert.

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 andre ledd punkt 7.

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7 stiller krav til at verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheits- lovgjevinga.

Kommunen har meldt avvik på skjema digitalt eller på papir. Det framkom i intervju at det har vore liten grad av rapportering, og høg terskel for å melde avvik, men at dei nå går over til det digitale systemet Compilo. Kommunen må sjå til at informasjon om nytt system for avviksbehandling kommer inn i rutinane i internkontrollen.

I driftshandboka kapittel 3.2 står det at driftsstans på begge/alle pumper, lengre straumstans eller unormalt store naudoverløpsvassmengder skal utløyse avviksmelding. Kommunens leidningsnett består endast av separatsystem. Det er ikkje tillete å avlaste avløpsnettet anna enn i form av naudoverløp ved pumpestasjonar og reinseanlegg som vert nytta ved uhellshendingar som pumpehavari og anna, jf. vilkår 3 og 5.2 i utsløpsløyvet. Alle overløp frå leidningsnettet skal da reknast som avvik og det må stå i internkontrollen.

Varsling av Statsforvaltaren ved 100 % overskriding av reinsekravet er beskrive i avsnitt om Vrådal reinseanlegg i driftshandboka. Det må i tillegg framkomme i kapittel 3.5 femte strekpunkt at varsling ved 100 % overskriding gjeld både fosfor og organisk stoff.

Kommunen legger varigheit av eit forhold til grunn som kriterium for om man skal melde avvik eller ikkje. Det kommer ikkje fram kva vurderingar som ligger til grunn for dei ulike

varighetene og om kommunen har kontroll på om dei er innafor krav i forskrift og løyve med denne terskelen for avviksmelding.

Det er ikkje samsvar mellom kapittel 3.3 og 4.2 i driftshandboka for når avviksmelding skal sendast ved leidningsbrot. «Prosedyre ved akutt forureining» beskriv ikkje at det skal meldast avvik eller at varsling av Statsforvaltaren skal vurderast. Dette kan skape forvirring og føre til at avvik ikkje blir rapportert.

Avvik 3

Kommunen har ikkje gjennomført systematisk gjennomgang av internkontrollen.

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 andre ledd punkt 8.

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 8 stiller krav om at det skal gjerast systematisk gjennomgang av internkontrollen for å sikre at denne fungerer som føreset. Dette skal dokumenterast skriftleg.

I «Internkontrollsystem for avløpsanlegg, generell del» er det beskrive at systemrevisjon bør gjennomførast kvart andre år, men har ikkje eit system som sikrar at det blir gjennomført. Internkontrollen var ikkje revidert mellom 2017 og 2021 og det kom fram i intervju at revisjon i 2021 berre omfatta å ajourføre organisasjonskartet.

Prosedyrar og instruksar vedlagt internkontrollsystemets generelle del var ikkje revidert sidan 2016.

Driftshandboka for avløpsanlegga i Kviteseid kommune var ikkje revidert sidan 2017.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Kommunens varsel om 100 % overskriding av reinsekrav er ikkje sendt Statsforvaltaren

Kommentarar:

Prøveuttak ved Vrådal reinseanlegg 05.06.2021 viste at reinseffekt på total fosfor var 63 %. Kommunen hadde forsøkt å varsle Statsforvaltaren om 100 % overskriding av reinsekrav for fosfor 23.06.2021, men varselet er ikkje mottatt. Det viser seg at kommunen har nytta feil e-postadresse ved elektronisk ekspedering. Arkiv i kommunen har sannsynlegvis mottatt kryptisk e-postmelding og ikkje funne ut kvifor den har komme.

Kommunen må sjå til at dei nyttar korrekt informasjon for mottakar for å sikre at sending kommer fram.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Avtale mellom Kviteseid kommune og SWECO Norge AS om akkreditert prøvetaking
- Internkontrollsystem for avløpsanlegg. Generell del, inkl. vedlegg. 03.09.2021
- Internkontrollsystem for avløpsanlegg. Driftshandbok for avløpsanlegga i Kviteseid kommune. 07.03.2017
- Internkontrollsystem for strøm – VA. 05.03.2021
- Prøvetakingsprogram kapittel 14 anlegg – Telemark 2. halvår 2021
- Utskrift av rapportering i Altinn for Vrådal reinseanlegg for 2020. 15.02.2021
- Årsmelding 2020. Kviteseid kommune. Driftsassistansen i Telemark, avløp.
- Varsel av avvik frå reinsekraft for kap. 14 – anlegg (med vedlegg) 23.06.2021